

## Protokoll frå styremøte 5. desember 2019

<b>Til stades:</b>	Erik Ulfsby, Jan Erik Knarbakk, Eli Bjørhusdal, Hege Myklebust (vara) og Torunn Reksten
<b>Frå sekretariatet:</b>	Åse Wetås (direktør), Åsa Kaldhussæter (seniorrådgjevar), Karl Henrik Steinsholt (administrasjonssjef, S 68/19, 69/19) og Sturla Berg-Olsen (seniorrådgjevar, S 67/19)
<b>Forfall:</b>	Trond Trosterud
<b>Møtestad:</b>	Språkrådet, møterom 20 i 1. etasje, Observatoriegata 1 B, Oslo
<b>Møtetid:</b>	10:00–15:30
<b>Møteleiar:</b>	Ulfsby
<b>Referent:</b>	Kaldhussæter

**Møte med fagrådsleiarane:** 10:00–11:00

Styret møtte dei fire fagrådsleiarane i ein time før det ordinære styremøtet. Dei sitjande fagrådsleiarane er Marita Kristiansen (Fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgere utdanning, Randi Solheim (Fagrådet for skule og offentleg forvaltning), Gisle Andersen (Fagrådet for normering og språkobservasjon) og Botolv Helleland (Fagrådet for stadnamn). Agenda for møtet var fagrådas arbeid framover i lys av ny språklov, ny språkmelding og ny strategi for Språkrådet.

## Sakliste styremøte

### Konstituering

S 60/19 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

S 61/19 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 19. september 2019

### Informasjonssaker

S 62/19 Orienteringssaker v/ direktøren (ingen sakspapir)

S 63/19 Høyringar

S 64/19 Mediesaker

S 65/19 Frå fagråda

S 66/19 Språkdagen 2020 – dato og opplegg

### Vedtakssaker

S 67/19 Normeringssaker

S 68/19 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. oktober 2019

S 69/19 Førebels budsjett for 2020

S 70/19 Førebels verksemdsplan for 2020

S 71/19 Styrets møteplan for 2020

S 72/19 Revisjon av statuttane til teiknspråkprisen

S 73/19 Oppnemning av medlem i fagrådet for normering og språkobservasjon

### Drøftingssaker

S 74/19 Strategisk plan

S 75/19 Språkmelding

S 76/19 Evaluering av styrearbeidet i 2019 (ingen sakspapir)

S 77/19 Plan for todagarsmøtet i juni 2020

S 78/19 Tidsrammer for styremøta (ingen sakspapir)

S 79/19 Arbeid med årsrapport 2019

S 80/19 Eventuelt

## Konstituering

### **S 60/19 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet**

**Sakspapir:** Saklista 5. desember 2019

**Vedtak:** Innkallinga og saklista er godkjende.

### **S 61/19 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 19. september 2019**

**Sakspapir:** Framlegg til protokoll

**Vedtak:** Protokollen frå styremøtet 19. september 2019 er godkjend.

## Informasjonssaker

### **S 62/19 Direktørens orientering**

**Sakspapir:** Ingen

Direktøren orienterte munnleg om personalsituasjonen, Språkrådets arrangement i perioden, dei nye læreplanane for grunnskule og vidaregåande opplæring, revisjonsprosjektet for ordbøkene og arbeidet med datainnhaustaren Målfrid. Styreleiar og direktør orienterte saman om etatsstyringsmøtet 25. november.

### **S 63/19 Høyringar**

**Sakspapir:**

1. Høyringssvar – forskrift om tilskot til kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur
2. Høyringssvar – utkast til forskrift for prosjekttilskudd til nasjonale minoritetar
3. Høyringsfråsegn om framlegg til lov om integrering og framlegg til endringar i lov om norsk statsborgerskap
4. Høyringsfråsegn om forslag til ny, heilskapleg språklov

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 64/19 Mediesaker**

**Sakspapir:** Notat frå kommunikasjonsseksjonen og og medierapport frå Retriver

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

**S 65/19 Frå fagråda**

- Sakspapir:**
1. Referat frå fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning 29.10.2019
  2. Referat frå fagrådet for stadnamn 17.9.2019
  3. Referat frå fagrådet for stadnamn 30.10.2019
  4. Referat frå fagrådet for normering og språkoobservasjon 11.9.2019

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

**S 66/19 Språkdagen 21. april 2020**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

## Vedtaksaker

**S 67/19 Normeringssaker**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren og framlegg frå fagrådet for normering og språkoobservasjon

**Vedtak:**

- 1 a) Normeringa av dei følgjande substantiva blir justert i bokmål og nynorsk slik tabellen nedanfor viser:

substantiv	noverande norm i nynorsk	noverande norm i bokmål	framlegg til ny norm	
			nynorsk	bokmål
<i>ekorn/(ikorn)</i>	n	m/n	n	n
ess 'spelkort'	m/n	n	n	n
<i>fyr</i> 'fyrtårn'	m/n	n	n	n

(m = hankjønn, n = inkjekjønn)

b) Normeringa av samansetjingar med substantiva nemnde i 1 a) som etterledd skal i kvart tilfelle følgje normeringa av grunnordet.

- 2 Etter vedtak i styret blir endringane i punkt 1 registrerte i Norsk ordbank, kunngjorde på høveleg måte og ved høve oppførte i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*.

## **S 68/19      Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. oktober 2019**

**Sakspapir:** Regnskapsrapport per 31. oktober, talloppstilling

**Vedtak:** Styret tar regnskapet og rapporten til etterretning.

## **S 69/19      Førebels budsjett for 2020**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren og budsjettutkast i tal

**Vedtak:** Styret ber direktøren leggje fram endeleg budsjett for 2020 i styremøtet i februar 2020.

## **S 70/19      Førebels verksemdsplan for 2020**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren, førebels tildelingsbrev for 2020 og Språkrådets administrative forslag til endringar av mål og resultatindikatorar

**Vedtak:** Styret bed direktøren leggje fram forslag til endeleg verksemdsplan for 2020 i styremøtet i februar 2020 og om å leggje fram utkast til budsjettsøknad for 2021 i tråd med diskusjonane i møtet.

## **S 71/19      Styrets møteplan for 2020**

**Sakspapir:** Utkast til møteplan

**Vedtak:** Neste styremøte blir 13. februar 2020 klokka 11:00 til 16:00. Resten av møteplanen vil bli sendt på sirkulasjon i styret når oppnemningane for neste periode er på plass.

## **S 72/19      Revisjon av statuttane til teiknspråkprisen**

**Sakspapir:** Notat frå seksjon for språkrøkt og språkrådgjeving og utkastet til nye statuttar for teiknspråkprisen

- Vedtak:**
- 1 Styret fastset at teiknspråkprisen for 2020 skal vera 25 000 kroner.
  - 2 Styret peikar ut Torill Ringsø som leiar av juryen for teiknspråkprisen.
  - 3 Styret vedtek at «... i forbindelse med Døves kulturdager» blir stroke frå punkt 7 i statuttane for teiknspråkprisen.

**S 73/19 Oppnemning av medlem i fagrådet for normering og språkoppservasjon**

**Sakspapir:** Notat frå seksjon for språkrøkt og språkrådgjeving

**Vedtak:** Styret sluttar seg til framlegget i notatet og ber seksjonen følgje opp vedtaket med oppnemning av ny medlem i fagrådet for normering og språkoobservasjon frå 1. januar 2020 til 31. desember 2023.

## Drøftingssaker

**S 74/19 Strategisk plan**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren og utkast til strategisk plan

**Vedtak:** Styret bed om at strategisk plan blir lagd fram til endeleg vedtak på styrets møte i februar 2020.

**S 75/19 Språkmelding**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

**S 76/19 Evaluering av styrearbeidet i 2019**

**Sakspapir:** Ingen

**Vedtak:** Styret drøfta saka.

**S 77/19 Strategisk plan**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren og utkast til strategisk plan

**Vedtak:** Styret bed om at strategisk plan blir lagd fram til endeleg vedtak på styrets møte i februar 2020.

**S 78/19 Tidsrammer for styremøta**

**Sakspapir:** Ingen

**Vedtak:** Styret drøfta saka.

**S 79/19 Årsrapport 2019**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren og utkast til oppsett for årsrapporten.

**Vedtak:** Styret ber direktøren om å levere endelig utkast til årsrapport til styremøtet i februar 2019.

**S 80/19 Eventuelt**

Ingen saker til eventuelt.

## Godkjenning

Protokoll frå møtet 5. desember 2019 er godkjend 20. februar 2020

Erik Ulfsby

Trond Trosterud

Hege Myklebust

Torunn Reksten

Jan Erik Knarbakk